

## Standard vilkår for inkubasjon.

|     |                                    |   |
|-----|------------------------------------|---|
| 1   | Generelt .....                     | 1 |
| 2   | Ytelsar og ansvar .....            | 1 |
| 2.1 | Ytelsar.....                       | 1 |
| 2.2 | Ansvar.....                        | 1 |
| 2.3 | Kjøp av tenester .....             | 2 |
| 3   | Profilering.....                   | 2 |
| 4   | Deltakaravgift.....                | 2 |
| 5   | Avtalas varigheit.....             | 2 |
| 6   | Opphavs- og eigendomsrett .....    | 2 |
| 7   | Konfidensialiet og teieplikt ..... | 2 |
| 8   | Forsikring.....                    | 2 |
| 9   | Misleghald.....                    | 2 |
| 10  | Tvistar.....                       | 2 |

### 1 Generelt

Fylgjande standard vilkår gjeld for ytelsar levert gjennom deltaking i pre-inkubator, inkubator og forretningsmessig innovasjon hos Aksello (omtala som Leverandør) og Deltakar, også omtala som partane.

I kontraktsforholdet mellom Leverandør og Deltakar, også omtala som avtale, gjeld fylgjande dokument:

- i. *Avtale deltaking i pre-inkubator, Avtale deltaking i inkubator eller Avtale deltaking i forretningsmessig innovasjon.*
- ii. Eventuelle vedlegg for tenestene.
- iii. Andre skriv som forpliktar partane.
- iv. *Standard vilkår for inkubasjon.*

Dei dokument som utgjer avtale, utfyller kvarandre. Inneheld avtaledokumenta bestemmelsar som strid mot kvarandre, skal dei gjelde i den rekkefølga som er gitt ovanfor.

Partane er uavhengige forretningspartar. Ingen part har anledning til å opptre på den andre parts vegne eller forplikte den andre part utan skriftleg samtykke.

### 2 Ytelsar og ansvar

#### 2.1 Ytelsar

Leverandør leverer tenester spesifisert i *Avtale deltaking i pre-inkubator, Avtale deltaking i inkubator eller Avtale deltaking i forretningsmessig innovasjon.*

#### 2.2 Ansvar

Deltakar er forplikta til å sikre eigne fortrulege dokument og konfidensielle opplysningar på ein forsvarleg måte. Leverandør skal bistå Deltakar i forretningsutviklinga, men bærer under ingen omstende noko erstatningsansvar ovanfor Deltakar, deira eigarar eller eventuell tredjepart for leveranse under kontraktsforholdet.

Ansvarsavgrensinga omfattar, men er ikkje avgrensa til bistand med utarbeiding og gjennomføring av dei planar og målsetjingar som Deltakar har. Det være seg forhold til marknadsmoglegheiter, produkt, design og/eller funksjon eller forhold vedrørande finansiering eller økonomisk støtte frå verkemiddelapparatet eller anna.



### **2.3 Kjøp av tenester**

Kjøp av tenester frå Leverandør ut over det som er inkludert i deltakaravgift skal avtalast særskilt. Leverandør kan også vidareformidle spesialoppdrag knytt til forretningsutviklingsoppgåver.

Kjøp av tenester frå Leverandør og andre spesialoppdrag fakturerast etter nærare avtale. Leverandør er ikkje ansvarleg for kvalitet på leveranse av tenester gjennom underleverandørar.

### **3 Profilering**

Når deltakar presenterer eller profilerer seg, eksempelvis i media, skal deltaking i inkubasjon omtalast.

### **4 Deltakaravgift**

Deltakaravgift for opphald hos Leverandør framgår av *Avtale deltaking i pre-inkubator*, *Avtale deltaking i inkubator* eller *Avtale deltaking i forretningsmessig innovasjon*. Deltakaravgift vert fakturert forskotsvis.

Leverandør kan foreta prisjustering med 1 månads varsel.

### **5 Avtalas varigheit**

Avtaleperiodens lengde framgår av *Avtale deltaking i pre-inkubator*, *Avtale deltaking i inkubator* eller *Avtale deltaking i forretningsmessig innovasjon*.

### **6 Opphavs- og eigendomsrett**

Deltakar beheld alle rettigheter til idear, oppfinningar, merkenamn, firmanamn, logoar, domenenamnprodukt og liknande som Deltakar har med seg eller utviklar under opphald hos Leverandør. Deltakar pliktar å halde Leverandør skadeslaus om konflikt omkring dette skulle oppstå.

### **7 Konfidensialitet og teieplikt**

Leverandør og personar som arbeider for Leverandør (inkl. styret hos Leverandør) vil behandle informasjon og innsikt som dei måtte få om Deltakar som konfidensiell informasjon.

For informasjon gjeldande Leverandør og andre Deltakarar med opphald hos Leverandør, gjeld på same måte konfidensialitet og teieplikt som Deltakar og dens ansatte pliktar å overhalde. Konfidensialitet gjeld både under og etter opphald hos Leverandør.

### **8 Forsikring**

Deltakar er sjølv ansvarleg for å halde eigne aktiva forsikra, og eventuelt teikne avbrottsforsikring.

### **9 Misleghald**

Dersom Deltakar mislegheld avtala eller plikt som føl i følge avtala, kan Leverandør heve avtala med augeblikkeleg verknad. Tilsvarande kan Deltakar heve avtala dersom Leverandør vesentleg mislegheld sin del av avtala. Ved betalingsinnstilling frå Deltakar, insolvens, akkord eller konkurs kan Leverandør sei opp avtala med augeblikkeleg verking.

### **10 Tvistar**

Eventuelle tvistar mellom partane vedrørende avtala, skal søkjast løyst i minnelegheit ved forhandlingar. Fører ikkje slike forhandlingar fram, kan saka bringast inn for dei alminnelege domsstolar.